

## Turstiar frå Kårhus v/sjukeheimen (Vindafjordtunet):

1. Tur til Frøland i Tørsdalen.
2. Tur til Grånuten (531 m.o.h.)
3. Tur til Fuglen (537 m.o.h.)

Ta av ved Knapphus og inn på Rv. 46 og kjør 5 km ned mot Nedre Vats til Kårhus v/Vindafjordtunet/sjukeheimen.  
Ved P-plassen står det info.tavle m/kart og opplysningar om turar i Vats og om turane som startar her.

**Parkeringsplass:** Ja – god parkeringsplass.

**Start:** Ved P-plassen ved Vindafjordtunet/sjukeheimen. Følg traktorvegvegen som går på nordsida av sjukeheimen.

### 1. Tur til Frøland i Tørsdalen.

**Start:** Ved p-plassen ved sjukeheimen.

**Parkeringsplass:** Ja - god p-plass nedanfor sjukeheimen.

**Avstand:** Om lag 3,5 km over til Tørsdalsvegen v/Frøland.

**Tidsbruk:** 1 t 15 min. Ved vanleg gange m/ små pustepausar til P-plassen ved Frøland.

**Vanskegrad:** Blå tur – familietur, men noko bratt traktorveg oppover lia.

**Terreng:** God traktorveg 1,7 km oppover gjennom kulturbeite og deretter inn på skilta og merka sti opp til Nesheimsskaret 150 m lenger oppe. Herifrå går stien nedover heilt fram til P-plassen ved Frøland.

**Opplysningar:** Følg traktor- og bilvegen til Espen Aaserød oppover lia. Her var det tidlegare tett granskog, men nå er granskogen vekke og lia er blitt til fint beiteareal for sauer. Veggen oppover kan vera noko bratt og tung, men ta det med ro og nyt utsikta over bygda når du har trong for å få pulsen ned. Frå Nesheimsskaret til P-plassen ved Frøland er det 1,4 km. Stien går nedover og er lett å gå på og du kjem snart inn på traktorveg som fører deg heilt fram til P-plassen ved Frøland. Her går du gjennom gran- og lauvskog.

Frå P-plassen kan du gå på bilveg 400 m ned til Tørsdalsvegen om du ikkje går attende til Kårhus same veggen

**NB:** Ta omsyn til eventuelt beitende dyr langs traktorvegen frå Kårhus og oppover.  
**Hugs båndtvang for hundar**

**Fottøy:** Vanlege sko, gode joggesko eller fjellsko.

### 2. Tur til Grånuten. (531 m.o.h.)

**Start:** Ved p-plassen nedanfor sjukeheimen.

**Parkeringsplass:** Ja – god p-plass nedanfor sjukeheimen.

**Avstand:** 3 km opp til varden.

**Tidsbruk:** Om lag 1,5 t å gå opp til varden på Grånuten med vanleg gange.  
Tur/retur 2 t 15 min

**Vanskegrad:** Blå tur – familietur. Noko bratt traktorveg i starten. Stien frå du tek av traktorvegen har også nokre bratte parti oppover lia.,

**Terreng:** Traktorvegen svingar seg 2 km oppover til du tek av ved grind og merka sti.

**Opplysningar:** Du startar ved å gå på god traktor-/bilvegen til Espen Aaserød på nordsida av sjukeheimen. Følg skiltinga oppover.

Dette er ein fin fjelltur, men bakkane oppover kan vera litt krevande. Langs heile

traktorvegen var det tidlegare tett granskog, men nå er det fint beiteareal for sauer og du har flott panoramautsikt over bygda.

Når du tek av traktorvegen 2 km lenger oppe, svingar du av til venstre ved skilt og går gjennom grinda og vidare 300 m opp gjennom lia på litt dårlegare traktorveg før du igjen tek av til venstre ved skilt og inn på merka og rydda sti vidare gjennom lauvskog og litt ulendt terreng før du når tregrensa og får fritt utsyn heilt opp.

Langs stien kan du nyta roen og freden mellom lauvtree og lytta til fuglesongen eller få auga på anna liv i terrenget.

**På varden på Grånuten er det festa ein turkasse med bok i som speiderane har sett opp. Skriv namnet i boka og bli med på nutafantkonkurransen.**

Frå Grånuten ser du bort til varden på Fuglen. Om lag 35 min. å gå bort til Fuglen.

Frå Fuglen kan du gå ned Haukadalen til E 134 ved Krakk. Om lag 3 km ned til E 134.

Det tek deg om lag 1 time før du er nede.

Det er skilt og merkepinnar heile vegen.

**NB.: Ta omsyn til beitande sauer langs traktorvegen frå Kårhus og oppover.**

**Hugs båndtvang for hundar..**

**Fotøy: Gode fjellsko.**

### **3. Tur til Fuglen. (537 m.o.h.)**

**Parkeringsplass:** Ja – god p-plass nedanfor sjukeheimen.

**Start:** Ved p-plassen ved sjukeheimen.

**Avstand:** Om lag 5 km fram til varden.

**Tidsbruk:** Om lag 2 t opp til varden med vanleg gange. Tur/retur om lag 3 t 15 min.

**Vanskegrad:** Blå tur – krevande familietur

**Terreng:** Traktor-/bilvegen til Espen Aaserød svingar seg oppover 2 km i bratt terreng.

**Opplysningar:** Traktor-/bilvegen svingar seg oppover i fint beiteareal for sauer. Her var det for nokre år sidan tett granskog. I dag er det flott panoramautsikt over bygda.

Etter 2 km tek du av til venstre ved skilt og gjennom ei grind og inn på ein ny traktorveg. Etter 300 m tek du på ny av til venstre ved skilt og inn på ein skilta og merka sti heilt opp til Grånuten og vidare til Fuglen. Frå Grånuten ser du bort til Fuglen. Før du går vidare, må du skriva deg inn i boka som ligg i kassen som er festa til varden på Grånuten og bli med i nutafantkonkurransen til speiderane.

Turen vidare til Fuglen er lett å gå gjennom lett kupert terreng og forbi Mosarevatnet og opp til varden på Fuglen med fin utsikt. På varden er det festa ein turkasse med bok i.

Skriv namnet i boka og bli med på nutafantkonkurransen til speiderane.

Frå Fuglen kan du gå ned Haukadalen og koma ned til E 134 ved Krakk eller at du går attende til Kårhus via Grånuten same vegen som du kom.

**NB. Ta omsyn til beitande sauer langs traktorvegen frå Kårhus og oppover lia.**

**Hugs båndtvang for hundar.**

**Fottøy: Gode fjellsko.**